



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.04.2016

Vår ref.: 2016/3715

Arkivnr.: 451.0

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Innspel - høyring av forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområder

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat på «*forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområder*» av 14.03.2016.

Fylkesmannen i Rogaland er positiv til at ein forskrift vil liggja til grunn for tildeling av tilskot til tiltak innan Utvalde kulturlandskap. Sjølv om satsinga og avtalane bygger på ein friviljug innsats frå involverte grunneigarar, kan denne forskrifta bidra til ein meir målretta bruk av tilgjengelige midlar etter ein overordna plan. Forskrifta har den fleksibiliteten som skal til for ei smidig tilpassing og justering av eksisterande skjøtselsavtalar. Forslaget til ny forskrift opnar for at andre enn grunneigarar med skjøtselsavtalar, kan få støtte til ein positiv innsats innanfor dei utvalde områda.

Forslaget til ny forskrift dekkjer det som skal til for å sikre ei god forvaltning av dei øyre-merka tilskota. Rogaland har ikkje områdar med status som verdsarvområde. Vårt innspel til høyringa vil difor avgrense seg til temaa som omhandlar Utvalde kulturlandskap.

Vi har eit enkelt men etter vår vurdering, viktig innspel til søknadsfristen under § 5 *Krav til søknad*, første ledd. Det er uheldig å låse søknadsfristen til ein dato som skal gjelde for heile landet og utan rom for fylkesvise tilpassingar. Med den store variasjonen i føresetnader dei ulike områda har, bør Fylkesmannen gis høve til å fastsetja ein lokal søknadsfrist. Søknadsfristen bør vere nokolunde tilpassa datoen for når fylka blir informert om tildelte UKL-midlar for inneverande år.

Vårt forslag er å endre § 5, 1. ledd

fra: «*Søknad om tilskudd skal sendes Fylkesmannen innen sett inn dato.*»

til : «*Søknad om tilskudd skal sendes Fylkesmannen innen 01. mars XXXX.*  
*Fylkesmannen kan likevel sette annen frist dersom gode grunner taler for det.*»

Vi ønskjer Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet lykke til i det vidare arbeidet med denne forskrifta.

Med helsing

Sissel C. Endresen  
ass. landbruksdirektør

Nono Dimby  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Nono Dimby  
Saksbehandlar telefon: 51568978  
E-post: fmroara@fylkesmannen.no